



**DEN NORSKE KIRKE**  
**Høyanger Sokneråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 05.05.2019

**Møtebok Høyanger sokneråd**

Møtedato: 23.04.2019

Møtetid: kl. 16:30

Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

**Tilstede:**

Marte Igelkjøn, Vidar Myren, Runar Matsui-Li.

**Meldt forfall:**

Hilde Ullebø, Lillian Hommedal.

**Kopi av møteboka går til:**

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte

Innkalling vart godkjent. Referat frå siste møte 26.02. er ikkje skrive enno.

**Meldingssaker**

**000001 Soknepresten har ordet**

Soknepresten snakka om Påskefeiringa

**000002 Rekneskapsrapport**

Rekneskapsrapporten vart lesen

**000003 Evaluering av bispevisitasen**

Bispevisitasen vart evaluert

**Vedtaksaker**

**Sak 009/19 HØYANGER BEDEHUS SOM KYRKJELYDSHUS?**

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd meiner at Høyanger bedehus er lokalt viktig bygg som det vil vere viktig å bevare av kommunale og lokalhistoriske grunnar. Høyanger sokneråd har brukt bedehuset i mange år, og ser på bygget som viktig både for Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn sitt framtidige kyrkjelydsarbeid. Soknerådet meiner og det er eit viktig bygg for lokalsamfunnet. Høyanger sokneråd har ikkje ressursar til å rehabiliter og vedlikehalde bygget, og ynskjer ein rehabiliteringsplan og ein realistisk finansieringsplan for å setje bygget i nødvendig stand.

**Sak 010/19 NOMINASJON TIL SOKNERÅD 2019**

*Vedtak:*

Høyanger sokneråd har ei liste på 5 namn til soknerådsvalet, og ventar nokre avklaringar.

## **Sak 011/19 GJENNOMGANG AV BISKOPEN SIN VISITASRAPPORT**

### *Vedtak:*

Høyanger sokneråd samtalte om korleis vi kan byggje opp eit barnearbeid som dekkjer fleire aldersgrupper, og tenkjer at det er leiarmangel som er den største utfordringa. Vi drøfta temaet skattefrie gåver som tiltak for å betre inntektssida i rekneskapen. Dei fagtilsette kan gjennom kontakt med skulen ta initiativ til sterkare samarbeid med skule og barnehage. Vi drøfta forslag til misjonsprosjekt, anten eige eller i samarbeid med Kyrkjebø sokn. Vi ynskjer eit felles sokneråds-møte med Kyrkjebø sokneråd før sommarferien.

## **Sak 012/19 DATOAR FOR SMÅBARNSTREFF 2019**

### *Vedtak:*

Det vert skipa til grillparty 18. juni 2019 frå kl. 17:30 utanfor bedehuset.

## **Sak 013/19 ÅRSJUL FOR 2019**

### *Vedtak:*

#### Årshjul for 2019

1. September kl. 17:00: Konfirmantpresentasjon
27. Oktober kl. 11:00: Hausttakkefest med 4 års bok
17. November kl. 17:00: Familiegudsteneste, Mi kyrkjebok 6
15. Desember kl. 17:00: Forslag til felles lysmesse i Høyanger kyrkje

For Høyanger sokneråd

Marte Igelkjøn  
Soknerådsleiar

Runar Matsui-Li  
Sokneprest/sekretær